

## Årsmelding barne- og ungdomsgruppa 2022

### Friidrett:

Av ulike grunner vart det berre arrangert friidrett éin gong denne sommaren, den 17. august. Kvelden gjekk føre seg i vant stil, og hamna heldigvis på ein av dei få finvérsdagane vi hadde denne sommaren. Dei oppmøtte barna var nøgde og fekk servert frukt.

### Ishockey:

Ishockeybanen på Bordholmen er stadig eit populært tilbod. Den har vore vatna, skrapa og brøyta ved høveleg føre gjennom heile vinteren, og brukta til både organisert og uorganisert aktivitet.

### Barn i løypa:

Barn i løypa vart arrangert fem gong. Fyrste gong den 4. januar og siste gong den 8. februar.

### Balleik:

Vi tok til med å arrangere balleik i gymsalen torsdagar kl. 18:00 den 13. januar. Utover våren vart oppmøtet tidvis påverka av korona-smitte.

Om hausten tok vi til med balleik den 27. oktober og det har stort sett vore arrangert kvar veke utover hausten, med opphold for feriar og skuleavslutning. Dette er stadig eit populært tilbod som passar godt for dei fleste barna i bygda.

Oda Halle